



Referat for SSU-møte 2 - 2025

Føremål: Strategisk samarbeidsutval møte 2 2025

Møtetid: 14.05.25 12.00 - 14.30

Møtestad: Sunnfjord rådhus, Møterom bibliotek 3131

Møteleiar: Martin K. Lundgård

Deltakarar:			Fråvær
Namn	Tittel	Eining	
Martin Lundgård	Kommunedirektør	Askvoll kommune/ HAFS	
Terje Heggheim	Kommunedirektør	Sunnfjord kommune/ SIS	x
Anders Skipenes	kommunedirektør	Gloppen/Nordfjord	Til sak 11/25
Gunn Lerøy	Kommunedirektør	Lærdal kommune/ Sogn	x
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Kinn kommune/ Fagleg samarbeidsutval	
Kjell-Wernik Nystøyl	Samhandlingskoordinator	Interkommunal samhandlingskoordinator/ Fagleg samarbeidsutval	
Arve Varden	AD	Helse Førde HF	Fram til 13.49 sak 11/25
Børge Tvedt	Klinikkdirektør PHV	Helse Førde HF	X BMØ
Anne Kristin Kleiven	Utviklingsdirektør	Helse Førde HF	½ t. for seint pga. Anna møte
Asle Kjørlaus	Fagdirektør	Helse Førde HF/ Fagleg samarbeidsutval	x
Trine Vingsnes	Klinikkdirektør MED	Helse Førde HF	
Dagrun Kyrkjebø	Samhandlingssjef	Helse Førde HF/Fagleg samarbeidsutval	
Heidi Alice Vederhus	Stadleg leiar NSH	Helse Førde	
Michael Milde	Medlem FBU	Felles Brukarutval Sogn og Fjordane	
Arne Hovland	Nestleiar FBU	Felles Brukarutval Sogn og Fjordane	(Teams)
Observatørar:			
Hilde Ystanes	Seniorrådgjevar	KS Vest-Norge	
Linda Svori	Ass fylkeslege	Statsforvaltaren	Til sak 11/25
Barbro Longva	Leiar FSU	Stad kommune	X
Vara:			
Bjørn Morten Øen	Direktør Kirurgisk klinikk	Helse Førde	-For BT



Vidar Øvrebø	stadleg leiar Lærdal sjukehus	Helse Førde/Fagleg samarbeidsutval	
Toril Taklo	avdelingssjef PHV for barn og unge	Helse Førde	
Øyvind Bang Olsen	kommunedirektør	Kinn kommune/Sunnfjord	
Jens-Eivind Kobbeltvedt	kommunedirektør	Solund kommune/HAFS	
Marius Solbakken	kommuneoverlege	Stryn kommune/Fagleg samarbeidsutval	

Sakliste

Sak nr.		Tema:	Ansvar:
6/25	12.00	Godkjenne innkalling og sakliste	Martin Lundgård
7/25		Godkjenne referat frå forrige møte Gjennomgang av aksjonspunkt	
8/25	12.15	Ny organisering i Helsefellesskapet – Sak til partnerskapsmøte	
9/25	12.30	Oppretting av FSU - Rammer	
10/25	13.00	Utviklingsarbeid status	
11/25	13.10	Tildeling av rekrutterings- og samhandlingsmidalar	
12/25		Eventuelt – Program på samhandlingskonferansen	

Referat

Sak nr.	Tema:
6/25	<p>Godkjenne innkalling og sakliste</p> <p>Ei sak til eventuelt: Program til samhandlingskonferansen</p> <p>Vedtak: <i>Innkalling og sakliste er godkjent utan merknader.</i></p>
7/25	<p>Godkjenne referat frå forrige møte</p> <p>Gjennomgang av aksjonspunkt</p>



AKSJONSPUNKTLISTE				Kommentarar 14.05.
Nr.	Sak.	Ansvarleg	Frist	
1	Arbeidsgruppe for Samhandlingskonferansen kan starte arbeid med konferanse 2025. På grunn av økonomisk situasjon, er det semje om at ein vel dagsamling for Samhandlingskonferansen 2025, føreslegne datoar er 18 eller 19.sept.	Komité		Kjem som eiga sak - Eventuelt
2	Utarbeide skjema for samarbeid og rapportering, samhandlingsmidlar	Sekretariat	Første del 2025	Arbeid ferdig, kjem i eiga sak
3	Vurdere om beredskap (Jobba mykje med frå statsforvaltaren) skal vere oppe som eiga sak	Leiar/sekretariat	Møte 1, 2025	
4	Partnarane gjere vurderingar internt om tal representantar i SSU framover. Kan/Bør ein redusere, og er det evt. andre ressursar som bør inkludrast	Partnarane		Kjem i sak i møtet i dag.
5	Formulere forslag til mandat/oppretting av ei prioritert gruppe for fagleg samarbeidsorgan innanfor eit felt	Sekreteriat/ Leiar	Neste møte SSU 14.05 og Partnerskapsmøte 21.05	Kjem i eiga sak
6	Oppdatering om status for Vestlandslegen og vidare planlegging.	Sekretariat	Møte 3 eller 4 2025	Kjem til hausten.

Vedtak:
SSU godkjenner referat frå 24.02. Gjennomgang aksjonspunkt oppdatert i tabell.

8/25 Omorganisering av helsefellesskapet – sak til partnerskapsmøtet

Viser til [Sak 8/2025](#), [Endringsforslag overordna samarbeidsavtale 8/2025](#), [Sak til Partnerskapsmøte 8/2025](#). Martin innleiar og orienterer til status i saka.

Partnerskapsmøtet skal godkjenne tilrådinga, deretter blir det ein prosess med signering av tilleggsavtale mellom partnarane.

Diskusjon om korleis ein skal rigge rundt den nye strukturen i helsefellesskapet slik at ein får gode prosessar, og god effekt av arbeidet i helsefellesskapet. I og mellom kommunane må ein bruke dei strukturane som finns og jobbe tett opp mot helsefellesskapet.

Framlegg til vedtak:
Strategisk samarbeidsutval tilrår omorganisering av helsefellesskapet slik det er skissert i saksdokumenta.

Vedtak:



	<p>Strategisk samarbeidsutval godkjenner framlegg til vedtak.</p>
9/25	<p>Oppretting av FSU - Rammer Dagrun orienterer om status, og går gjennom punkta i mandatet. Viser til Sak 9/2025 og Utkast til mandat nye FSU 9/2025, ein har også sett på og henta erfaringar frå andre helsefelleskap.</p> <p>Innspel til mandatet:</p> <ul style="list-style-type: none">- må det vere fastlege i alle FSU? Utfordrande å fristille fastlegar til dette arbeidet og mange utval. Innspel frå KS om at det er endra i avtalen mellom KS og regjeringa til at det kan vere fastlegar der det er høve/nødvendig.- ein må gjere meir enn å omorganisere og omstrukturere og lage strukturar. Ein må også konkretisere korleis ein skal gjere situasjonen betre for pasientane.- Det må skapast motivasjon hjå fagfolk for å vere med i arbeidet, og få rett folk på rett plass. Ta tak i flaskehalsar, og t.d. avvik og gjentakande avvik som blir meldt.- Diskusjon om korleis få fastlegar med, kven skal bære kostnaden. Viser til prosedyre for korleis fastlegar skal involverast: Godtgjering av allmennlegar ved deltaking i utviklingsarbeid - Helse Førde HF I samhandlingsprosjekt kan det vere aktuelt å dele kostnader mellom kommunar og helseføretaket. Helseføretaket stiller også med legar frå seg, og samhandling vil krevje innsats frå partnarane, også på legesida.- Innspel om at ein kanskje må seie noko meir konkret om tidsperioden. FSU'a treng ikkje vere tidsavgrensa, men ressursar kan engasjerast i tidsavgrensa periodar alt etter sak, tema og prosjekt som passar for den enkelte prosjekt.- Diskusjon om organisering av FSU. FSU må arbeide meir konkret enn tidlegare. men eit litt meir overordna organ på fagfeltet, og ulike prosjekt og arbeidsgrupper som arbeider med sine hjartesaker. FSU skal vere arbeidande organ som løyser oppgåver. Må også vere godt forankra i overordna organ.- Hovudpunkt at FSU må vere konkret og løyse oppgåver. <p>Framlegg til vedtak: <i>SSU drøftar utkast til mandat for FSU og kjem med framlegg til endringar.</i></p> <p>Vedtak: <i>SSU drøfta utkast og kom med innspel som nemt ovanfor. Sekretariatet tek med seg innspela og presenterer eit nytt forslag til mandat for FSU i neste SSU-møte.</i></p>
10/25	<p>Utviklingsarbeid samarbeid om rekruttering, kompetansen og felles planlegging v/prosjektlear Kjell-Wernik – status</p> <p>Kjell-Wernik orienterer til status. Sak 10/2025.</p> <p>Framlegg til vedtak: <i>Strategisk samarbeidsutval tek orienteringa til vitande.</i></p>



	<p><i>Strategisk samarbeidsutval løyver inntil kr. 50.000,- av rekrutterings- og samhandlingsmidlane for gjennomføring av nettverkssamling i samband med vårt felles samarbeid om rekruttering, kompetanse og felles planlegging.</i></p> <p>Vedtak: Startegisk samarbeidsutval godkjenner framlegg til vedtak</p>
11/25	<p>Tildeling av rekrutterings- og samhandlingsmidalar</p> <p>Viser til Sak 11/2025 for detaljar. Dagrund orienterer til prosessen som har vore og søknadene som kom inn. Ny søknadsfrist til hausten, kan bli skyvd på.</p> <p>Viser til excel-fil for meir detaljar om innhaldet i søknadane. Søknad om rekrutterings- og samhandlingstilskot - tildelingsrunde 1 - 2025.</p> <p>Kan treffe nokre av kriteriepunktta, ikkje nødvendigvis alle.</p> <p>Viser til møteplan helsefellesskapet 2025 Møteplan 2025 Sogn og Fjordane helsefellesskap. Sekretariatet foreslår at ein utset søknadsfristen til hausten slik at ein kan handsame søknadane skikkeleg og grundig i SSU på møte 3 og 4, 30.09 og 21.11, tilpasse til FSU.</p> <p>Helserelatert kunnskaps- og næringsklynge i Sogn og Fjordane</p> <p>Innvilger 300.000,-</p> <p>Vurdering: Tiltaket som er skildra i søknaden treff kriteria for tildeling av midlar knytt til felles innsatsområde rekruttering, kompetanse og felles planlegging. Tiltaket stettar også punktet under vurderingsgrunnlag i kriteria som vurderer potensiale for å løyse konkrete samhandlingsutfordringar. Tiltaket treff også med innsatsområda i helsefellesskapet sin strategi; felles planlegging og rekruttering og kompetanse.</p> <p>Samhandling om Digital Heimeoppfølging (DHO) til pasientar med kroniske sjukdommar.</p> <p>Innvilger kr. 600.000,-</p> <p>Vurdering: Tiltaket som er skildra i søknaden treff kriteria for tildeling av midlar knytt til prioriterte pasientgrupper og helsefellesskapet sin handlingsplan. Det er derimot vanskeleg å sjå at tiltaket vil ha rask effekt for mange pasientar, som er eitt av fleire kriterium for å få tildelt midlar. Strategisk samarbeidsutval ønskjer likevel å støtte prosjekt då DHO bør vere eit tilbod til pasientar som mottek tenester både frå spesialist- og kommune-helsetenesta. Plan for breidding av tilbodet til pasientar i alle 17 kommunar i helseføretaket sitt opptaksområde bør justerast for å framstå realistisk i høve dei utfordringane ein ser i arbeidet.</p>



Samhandling ved spørsmål om innlegging i sjukehus. Fase 1: Øyeblikkelig hjelp. Fase 2: Planlagde innleggingar

Innvilger kr. 800.000,-

Vurdering:

Tiltaket som er skildra i søknaden treff kriteria for tildeling av midlar knytt til arbeid med dei prioriterte pasientgruppene, i dette tilfellet skrøpelege eldre og pasientar med fleire kroniske lidingar. Tiltaket er også relevant innanfor prioriteringane i helsefellesskapet sin handlingsplan. Strategisk samarbeidsutval tilrår at beløpet vert nytta til prosjektleiing og -støtte, frikjøp av fastlegar samt ev. innkjøp av elektronisk utstyr som er naudsynt.

Framlegg til vedtak:

Strategisk samarbeidsutval vedtek følgande tildeling av rekrutterings- og samhandlingsmidlar:

Tildeling av midlar 2025-1	
	2025 - 1
Samhandlingskonferansen 2025	100 000
Nettverkssamling	50 000
Utviklingsarbeidet	200 000
Helseklynge Campus Vie	300 000
Digital heimeoppfølging	400 000
Samhandling om innlegging øh og elektiv	1 000 000
Faglege samarbeidsutval	100 000
Sum	2 150 000

Motforslag: Flytte 200 000 frå søknad 3, *Samhandling om innlegging øh og elektiv*, til søknad 2, *Digital heimeoppfølging*. votering: 6 for, 4 mot.

Vedtak:

Strategisk samarbeidsutval vedtek motforslag frå møte: Flytte 200 000 frå søknad 3 til søknad 2, elles tilrådinga i tråd med framlegg til vedtak, sjå ny oversikt nedanfor.

Tildeling av midlar 2025-1	
	2025 - 1
Samhandlingskonferansen 2025	100 000
Nettverkssamling	50 000
Utviklingsarbeidet	200 000
Helseklynge Campus Vie	300 000
Digital heimeoppfølging	600 000
Samhandling om innlegging øh og elektiv	800 000



	Faglege samarbeidsutval	100 000
	Sum	2 150 000
12/25	<p>Eventuelt – Program til Samhandlingskonferansen</p> <p>Samhandlingskonferansen blir 18.september på Skei. Prioritering i helse- og omsorgstenesta. Kjell-Wernik orienterer om program.</p> <p>Programkomite: Anders Skipenes (Gloppen), Dagrun Kyrkjebø (HFD), Kjell-Wernik Nystøyl (kommunane), Heidi Alice Vederhus (HFD), Hilde Ystanes (KS), leiar og nestleiar Felles brukarutval, Monica W. Nortvedt (HVL).</p> <p>Innspel om det gjerne kan settast av meir tid til summing i plenum, nyttig med litt lengre periodar enn 10 min.</p>	
	Møtet slutt 14:36	

AKSJONSPUNKTLISTE			
Nr.	Sak.	Ansvarleg	Frist
1	Vurdere om beredskap (Jobba mykje med frå statsforvaltaren) skal vere oppe som eiga sak	Leiar/sekretariat	Møte 1, 2025
2	Partnarane gjere vurderingar internt om tal representantar i SSU framover. Kan/Bør ein redusere, og er det evt. andre ressursar som bør inkluderast	Partnarane	Haust 2025
3	Oppdatering om status for Vestlandslegen og vidare planlegging.	Sekretariat	Møte 3 eller 4 2025
4	Presentere nytt utkast til generelt mandat for FSU	Sekretariat	Neste møte, møte 3